

## **Fitjar ungdomsråd sin uttale til formannskapet sitt framlegg til kommunebudsjett for Fitjar kommune 2024.**

Me i ungdomsrådet vil først skryta av budsjettet som er lagt fram. Det er mange gode ting her:

Til dømes: auke i bokbudsjettet til biblioteket, pengar til e-sportsenter, og at det elles ikkje er så veldig store nedskjæringar på helse og skule som det har vore tidlegare.

Men me har nokre punkt som ikkje er vorte prioritert som me gjerne vil at de skal ta ei ny vurdering på:

### **Jakkar til ungdomsrådet:**

Me i ungdomsrådet ønsker å ha jakkar med ungdomsrådet sin logo på , slik dei før oss hadde. Det vil hjelpe oss til å vera meir synlege i ungdomssmiljøet og me trur at me når lettare fram til ungdommar som har noko på hjarte dersom me er meir synlege.

Me representerer jo alle born og unge på Fitjar. Det er også svært praktisk for oss å ha desse jakkane når me har ansvar for arrangement og når me skal reise på ungdomskonferansar, og ungdommens fylkesting.

Grunnen til at me treng økonomisk drahjelp no er at det mange svært mange av dei medlemene som hadde jakkar slutta nesten samtidig av ulike grunnar som t.d skulegong andre stader. No håpar me at dåke politikarar vil støtte dette framlegget. Det er lagt kr. 10 000,- inn som passivt tiltak i budsjettet

Dersom me har pengar til å kjøpe jakkar til heile ungdomsrådet til hausten når det er hovedval. Me vil samtidig kjøpe nokre ekstra slik at me har eit lite lager å ta av frametter.

Logo med ungdomsrådet har me frå før. Me vil bruke Helland CNC AS her på Fitjar til å gjera jobben då dei har hatt oppdraget før og har laga logo og veit kva me treng. Og sjølvsagt fordi me syns det er viktig å handla lokalt.

## **Aktivtør på sjukeheimen**

Me har fått veta dei ikkje har aktivtør på sjukeheimen. Dei eldre treng å ha noko kjekt å gjera på. Det handlar om å legge til rette for at dei skal ha eit godt og innhaldsrikt liv. Dette håpar me at de politikarar kan få på plass.

## **Ergoterapeut**

Per i dag har ein berre 70% stilling med ergoterapeut. Me har forstått det slik at det er ynskjeleg at denne stillinga vert auka til 100%. Dette handlar jo om at personar med ulike utfordringar skal få tilrettelegging og tilpassing av nødvendig utstyr slik at dei kan klarar seg best mogeleg i kvardagen sin. Ein hører ofte om at eldre får hjelp av ergoterapeut for få tilpasse ein gåstol eller liknande. Men det er ikkje berre eldre som treng slik hjelp, det kan gjelde folk i alle aldrar. Difor bør kommunen ha nok kapasitet til å hjelpe alle desse.

## **Psykolog**

Ungdomsrådet er svært opptatt av mental helse. Det er viktig at kommunen kan gje eit godt tilbod til dei som har psykiske utfordringar. Me veit at det er mange born og unge som slit veldig, desse må få den hjelpen dei treng før det går for langt. Det vart lyst ut ein 50% psykologstilling tidlegare som ein ikkje fekk folk til. No er rekruttering av psykolog sett på vent i 6 månader. Me ønsker at denne stillinga vert lyst ut rett etter nyttår, og helst styrka opp til 100%. Det er kanskje lettare å få tak i gode fagfolk viss ein kan tilby ein full stilling.

## **Øvrebygda skule**

Me ønsker å behalde Øvrebygda skule slik den er per i dag. Med ein 3 delt skule må 7. klasse flyttast til Rimbareid. Då vert det fleire elevar per lærar der og større klassar. Det fører til mindre lærar-resurs per elev. Det at 3 trinn skal gå ilag 1-3 og 4-6 trur me vil gå ut over undervisninga for den enkelte elev, fordi at dei er på så ulike læringsnivå.